

Til deltakarkommunane i Miljøretta helsevern Indre Sogn

Sakshandsamar: Elin Åsnes Øvretun, tlf: 481 40 879

Side | 1

Vår ref  
19/419-1

Eining/avd/  
RÅDMANN/HEOMSVEL

Dykkar ref

Dato  
04.02.2019

## Årsmelding miljøretta helsevern 2018

Miljøretta helsevern Indre Sogn behandlar ei heil rekkje ulike saker i løpet av eit år, og vil med dette legge fram kva vi har arbeidd med i 2018.



Kommunen skal etter Folkehelselova § 9 føre tilsyn med de faktorer og forhold i miljøet som til enhver tid direkte eller indirekte kan ha innvirkning på helsen. Dette inneber biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar. Visst ein tenker over kva dette faktisk inneber, so er det ganske omfattande. Kva som helst kan bli ei miljøretta helsevernssak. Vi forsøker å møte dette ved å jobbe systematisk med dei verksemdene som skal ha godkjenning etter ulike miljøretta

helsevernforskrifter. Vi risikovurderer dei ulike verksemdene og har laga tilsynsplanar som inneber at alle verksemdar det skal førast tilsyn med får det etter den frekvens som er bestemt. Vi behandlar klager frå innbyggjarar på for eksempel støv og støy. Vi deltek i planlegging og utforming av godkjenningsspliktige verksemdar og leverer innspel til reguleringsplanar.

Side | 2

Det er spesielt ei oppgåve som har teke desidert mest tid i 2018; godkjenning av skular og barnehagar etter forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler mv. I fleire av medlemskommunane planleggast det bygging av nye barnehagar, det opnar mellombelse barnehageavdelingar og det byggast om og utvidast både i barnehagar og skular. Det er framleis ein del skular og barnehagar som aldri har søkt godkjenning eller som har avvik som må utbetrast før dei kan godkjennast. Vi mottek og behandlar fortløpande søknadar om godkjenning av desse og vi føl opp og ser til at avvik blir utbetra slik at godkjenningssstatus kan oppnåast.

#### **Om godkjenningssordninga:**

Alle barnehagar og skular i Norge skal være godkjent etter forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler mv. Barnehagar skal også være godkjent etter barnehagelova, og vårt inntrykk er at barnehagane stort sett er godkjent til oppstart etter det regelverket. Når det gjeld godkjenning etter miljøretta helsevernregelverket er det framleis ein del ikkje- godkjente skular og barnehagar i Indre Sogn. Årsaka kan være at det aldri har vore søkt godkjenning, at kommunane/verksemdene ikkje kjenner til at dei har ansvaret for å sjå til at barnehagar og skular skal planleggast og drivast etter denne forskrifta, at der er avvik som gjer at skulen/barnehagen ikkje kan godkjennast før forholdet er utbetra, eller andre forhold. Skular og barnehagar kan også miste status som godkjent dersom det avdekkast avvik som ikkje blir retta opp innan gjeven tidsfrist.

Det er også slik at ved endringar av tal born i eksisterande skule/barnehage, ved tilbygg, renovering, endring av uteområde eller liknande, altso forhold som er godkjenningsspliktige, skal heile skulen og barnehagen godkjennast på nytt.

Det er barnehagen eller skulen sin eigar og leiing som skal sjå til at verksemda blir planlagt og drive etter forskrifta og at miljøretta helsevern blir involvert og at søknad om samtykke og søknad om godkjenning blir send og følgt opp. Med bakgrunn i opplysningar som kjem fram av søknad, synfaring og gjennomgang av internkontrollsystem skal miljøretta helsevern vurdere om skulen eller

barnehagen blir drive etter forskrifta og kan godkjennast. Ved manglande oppfylling av krav i forskrifta, må dette rettast opp før godkjenning gis.

## Prioriterte arbeidsoppgåver i 2018

Side | 3

I kvar av dei åtte medlemskommunane i Miljøretta helsevern Indre Sogn har kommuneoverlegen ansvaret for miljøretta helsevernarbeidet. Minst ein gong i året møtast alle åtte, saman med sakshandsamar, og diskuterer og bestemmer kva som skal være prioritert arbeid i inneverande år.

På 2018-møtet vart følgjande bestemt å være hovudarbeidsoppgåvene i 2018:

1. Dersom det blir tid til det, blir prosjektet «Rein hand barnehage» utført i Sogndal til hausten. Dersom dette blir ein suksess blir prosjektet vidareført i dei andre kommunane. Det blir vidare sett i gang eit samarbeid med Odda og Lindås for å utføre felles tilsyn i bassengbad i løpet av 2018 og 2019.

2. Microblading - augebrynstatovering: Sende ut generell informasjon om regelverket for å drive med permanent makeup og microblading til alle hudpleiarar og frisørar i Indre Sogn. Alle som allereie driv med denne verksemda eller vurderer å starte opp må søke om godkjenning. Vi reiser fortløpande ut på tilsyn i verksemdene.

3. Plan for 2018: Følgje opp og få avslutta eldre saker, rein hand prosjekt, bassengtilsyn, microbladingtilsyn, behandle godkjenningssaker, delta i planlegging av nye skule- og barnehagebygg, delta på miljøretta helsevern konferanse, utarbeide prosedyrer for utføring av dei ulike inneklimatemålingane vi kan utføre, utarbeide eksempel på internkontrollsystem for skular og barnehagar, oppdatere internkontrollrutinene våre og behandle diverse saker som vi får inn i løpet av året.

4. Forfatte skriv til Sogn regionråd og be om ei satsing på miljøretta helsevern og få fram behovet for fleire tilsette.

Kommentar til korleis dei prioriterte arbeidsoppgåvene er blitt utført:

1. Det var planlagt at Prosjektet Rein hand skulle gjennomførast i samarbeid med folkehelsekoordinator i Sogndal. På grunn av mangel på tid og at folkehelsekoordinator gjekk ut i permisjon vart det ikkje utført. Bassengbadkampanjen er under planlegging. Det er venta å komme ny bassengbadforskrift i 2019 og gjennomføring av tilsyn bør utførast i samband med denne.
2. Sjå tema *tilsyn med tatoveringsverksemd* på side 8 i dette dokumentet.

3. Fleire saker gjenstår å få avslutta, då mange verksemder ikkje sender oss attendemelding når avvik er utbetra. Vi har ikkje alltid kapasitet til å følgje opp at alle verksemdene lukkar avvika innan tidsfristane. Det er tilsynsobjekta/verksemdene sitt ansvar å utbetre avvik og sende stadfesting på dette. Det øvrige arbeidet under dette punktet er utført som planlagt.
4. Vi har ikkje forfatta skriv og sendt til regionrådet, men forfatta eit innspel som vart sendt til høyring av organisering i nye Sogndal kommune. På neste fellesmøte blir dette teke opp på nytt. Kommunelegane og underteikna var på førre møte sams om at det bør arbeidast for å få auka tal tilsette i Miljøretta helsevern Indre Sogn. Dette med bakgrunn i at arbeidsmengda er stor og at det vil frigjere ein del tid for helsesystrene som samla sett brukar ein del tid på å være med på tilsyn. Miljøretta helsevernarbeidet ville hatt god nytte av å ha eit større fagmiljø. Det er sårbart å berre være ein sakshandsamar på dette feltet og det er krevjande med mange ulike fagområder og arbeidsoppgåver. Miljøretta helsevern Indre Sogn har eit årsverk, ein tilsett og 8 kommunar. Til samanlikning hadde Folkehelseavdelinga i Florø i 2017 samarbeid mellom 11 kommunar. For å utføre det arbeidet brukte dei 4,5 årsverk fordelt på 6 personar.

### **Generell informasjon om lovverk og arbeidsoppgåver:**

Miljøretta helsevernarbeid inneber i hovudsak:

- Gjennomføring av tilsyn med ulike verksemder som skular, barnehagar, basseng, hudpleieverksemder, tatovering/piercing, frisørsalongar, asylmottak, campingplassar, kjøletårn, solarieverksemder, med fleire.
- Godkjenne verksemder etter gjeldande forskrifter. Alle skular, barnehagar, tatoveringsverksemder og holtakingsverksemder skal være godkjente etter ulike forskrifter. Ei rekkje verksemder har vidare meldeplikt ved oppstart; basseng, frisørsalongar, asylmottak, med fleire.
- Behandle klagesaker og meldingar frå publikum og verksemder. Typiske saker kan være skadedyr, støy (dyrehald, støyande verksemder/industri, bygg og anlegg), forureining (avfall, lukt, kjemikaliar, støv).
- Drive førebyggjande arbeid gjennom rådgjeving og uttalar til verksemder, planarbeid og innbyggjarar.

Dei mest sentrale lovene og forskriftene er:

Lov om folkehelsearbeid

Forskrift om miljørettet helsevern

Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler mv.

Forvaltningslova

Andre aktuelle lover og forskrifter:

Strålevernlova, tobakksskadelova, smittevernlova, forurensningsforskrifta, forskrift om badeanlegg, bassengbad og badstu, forskrift om hygienekrav for frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet, forskrift om skadedyrbekjempelse, internkontrollforskrifta, forskrift om fastsettelse av tvangsmulkt i medhold av lov om folkehelsearbeid mv. med fleire.

Forskrift om miljørettet helsevern kan komme til anvendelse i følgjande saker/forhold:

- avfallsdeponier, gjenvinningsanlegg, renovasjonsbedrifter
- avløpsanlegg
- ekspedisjonslokaler, f.eks. butikker
- enkeltarrangementer/enkelttiltak
- overnattingssteder
- idretts- og underholdningsanlegg, treningsstudio
- institusjoner og internater
- kontorer
- campingplasser, leiområder, hytteområder, badeplasser
- undervisningslokaler
- lokaler for fysikalsk, annen medisinsk eller alternativ behandling
- fabrikker og industri
- serveringssteder
- servicebedrifter - verksteder
- skyttebaner
- husdyrhold i tettbygd strøk
- transportmidler, veier, transportanlegg
- alle utslipp fra boliger, fritidsbebyggelse, campingvogner
- virksomheter som har kjøletårn eller lignende

**Samarbeidspartnarar:**

- Miljørettet helsevern Indre Sogn er medlem i Nettverk for miljørettet folkehelsearbeid (NEMFO - nasjonalt nettverk for miljørettet folkehelsearbeid).
- Vi deltek i nasjonale og regionale tilsynskampanjar.
- Vi deltek i nettverket OL AIS - samarbeid med miljøretta helsevern i Odda, Lindås og Askøy.



## Utførte tilsyn 2018

Tilsyn med skular og barnehagar jf; "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v."

Miljøretta helsevern har utført tilsyn i ved 11 skular og barnehagar i 2018.

Oversikt følgjer i tabellform:

Side | 6

Kommune	Verksemd	Type tilsyn
Sogndal	Stedje barnehage	Møte og mellombels godkjenning
	Ylvisåker barnehage	Godkjenningstilsyn
	Kyrkjebakken barnehage	Godkjenningstilsyn
	Kjørnes barnehage	Godkjenningstilsyn
	Notsete barnehage	Godkjenningstilsyn
	Trudvang barnehage	Synfaringar i høve godkjenning.
	Leikanger	Nybø barnehage avdeling sorenskrivargarden
Luster	Hafslo barne- og ungdomsskule	Godkjenningstilsyn
	Gamlestova barnehage	Synfaring i høve søknad om samtykke til oppstart av barnehageavdeling.
	Indre Hafslo barnehage	Godkjenningstilsyn
Vik	Feios barnehage	Godkjenningstilsyn

Vi har også delteke i mange møter i samband med bygging/oppstart/påbygg/ombygging av barnehagar: Stedje barnehage, Fosshagen barnehage, Nybø barnehage avdeling Sorenskrivargarden, Gaupne barnehage ny avdeling, Trudvang barnehage, Gamlestova barnehage ny avdeling, Kjørnes barnehage ny avdeling, Henjahaugane barnehage, Flatbygdi skule, Feios barnehage og Furuli barnehage.

### Utførte inneklimatemålingar i 2018:

Ei tradisjonell miljøretta helsevernoppgåve er å utføre målingar av ulike inneklimateparametre. I mange år har dette arbeidet ikkje blitt utført på grunn av gammalt utstyr og det vart vurdert som uheldig at vi både utfører målingar, anbefaler tiltak, samt fører tilsyn og pålegger utbetring av tiltak. Vi har etter kvart sett at arbeidet blir lite effektivt når ein må vente i månader eller år før måling blir utført, då det er arbeidskrevjande for kommunane sitt tekniske personale å utføre eller kostnadskrevjande å leige inn bedriftshelseteneste eller

liknande verksemder. Det vart difor bestemt å kjøpe inn nytt utstyr. Vi har no utstyr for å kunne måle CO<sub>2</sub>, temperatur, relativ fukt%, fukt i konstruksjonar, belyningsstyrke, støy frå tekniske installasjonar og etterklangstid. Øvretun har teke fleire fag og kurs i å ta slike målingar.

Vi får ein del førespurnader frå skular og barnehagar om problematisk inneklime og det er difor fint å no kunne tilby målingar som også er utan kostnad for verksemdene/kommunane å få utført. I samband med søknad om godkjenning av skular og barnehagar skal også kommunen kunne dokumentere tilfredsstillande inneklime, og vi kan då utføre målingar for kommunane. Kapasiteten er derimot begrensa, då det tek ein del tid å vurdere resultatet og skrive rapport. Ved manglande kapasitet blir klager på dårleg inneklime og eventuelle planlagde kampanjar prioritert, deretter andre førespurnader om måling.

I løpet av året har følgjande verksemder fått utført målingar:

<b>Verksemd</b>	<b>Type måling</b>
Veitastrond barnehage	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt% Belysningsstyrke
Hafslo barnehage og ungdomsskule	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt%
Kyrkjebakken barnehage	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt% Etterklangstid
Trudvang barnehage	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt% Etterklangstid
Henjahaugane barnehage	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt% Etterklangstid Belysningsstyrke
Bødalen barnehage	Etterklangtidsmåling
Fjærland skule	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt% Etterklangstid Belysningsstyrke
Nybø barnehage	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt% Etterklangstid Belysningsstyrke
Nybø barnehage avd Sorenskrivargarden	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt%
Leikanger ungdomsskule	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt%
Sagatun barnehage	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt% Etterklangstid Belysningsstyrke
Indre Hafslo barnehage	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt%

Solvorn barnehage og skule	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt%
Furuli barnehage	Etterklangstid
Feios barnehage og skule	CO <sub>2</sub> , temperatur, fukt%
Kjøernes barnehage	Etterklangstid

I 2019 planlegger vi å utføre ein støykampanje, der det skal målast etterklangstid i alle barnehagane i Indre Sogn.

### Tilsyn med tatoveringsverksemd.

Tilsyn og godkjenning av tatoverings- og holtakingsverksemd er ei kommunal oppgåve som Miljøretta helsevern Indre Sogn utfører for dei åtte samarbeidskommunane.

Dei siste åra har ei ny form for tatovering, microblading, blitt stadig blir meir populært. Det går ut på å tilføre farge i huden under augebrynet. Det tatoverast eit og eit «hårstrå» for å få fyldigare bryn eller for å endre forma på brynet.

I Indre Sogn kjenner vi til fire verksemdar som har starta med microblading i løpet av 2017 og 2018. Microblading og permanent makeup er ikkje lov å drive med utan at lokalet der dette blir utført er godkjent, dette jamfør forskrift om hygienekrav for frisør-, hudpleie-, tatoverings- og hulltakingsvirksomhet m.v.

På fellesmøte med kommuneoverlegane i Indre Sogn i 2018, vart det bestemt at vi skulle skaffe oss oversikt over alle slike verksemdar. Vi er ikkje ferdige med dette arbeidet. Problemet er at verksemdene ikkje kjenner til at dette er godkjenningspliktig og difor ikkje sender inn søknad om godkjenning slik dei skal.

Vi har i løpet av året arbeidd med prosedyre for godkjenning av microblading. Vi vil på nyåret 2019 sende ut informasjon til alle hudpleiarar og frisørar om at denne type verksemd er godkjenningspliktig og legge ved søknadsskjema, slik at dei som driv med dette eller tenker å starte opp, kan sende søknad, bli registrert og få lokalet godkjent.

I 2018 har me vore på tilsyn i tre slike verksemdar:

Verksemd	Driv med	Status
Frisørstova, Årdal	Microblading	Godkjent.
Lux House, Sogndal	Microblading og permanent make up	Ikkje godkjent på grunn av avvik i frå forskrifta.
Lina Lash and brow	Microblading	Søknad om godkjenning



		motteken. Søknad avslått.
Kremkroken	Microblading og permanent make up	Er informert om regelverket, men søknad er ikkje motteken.

### Anna tilsynsarbeid/uttalar

- Har gjeve rettleiing til ei rekkje barnehagar og skular som har teke kontakt med ulike utfordringar knytt til godkjenning, inneklime, internkontroll, skadedyr, radon etc.
- Rettleiing i internkontroll Luster kommune, samt til fleire barnehagar og skular i Sogndal, Lærdal og Vik.
- Oppfølging av verksemder som ikkje har utbetra avvik.
- Sak om skadedyr, sølvkre.
- Planuttalar barnehagar/skular.
- Behandla saker/gjeve rettleiing til innbyggjarar/verksemder som har teke kontakt angående butilhøve, reinhald, inneklime, radon, forureining, støv, støy etc.
- Handsama dispensasjonssøknader for støy natt/kveld/helgearbeid.

### Kurs og konferansar som miljøhygienikar har delteke på:

- Samarbeidsmøte i Sogndal med Miljøretta helsevern i Odda og Lindås om felles bassengkampanje 2019.
- Miljøretta helsevern Indre Sogn arrangerte vårt årlege nettverkstreff med OLAI (Miljøretta helsevern Odda, Lindås, Askøy og Indre Sogn), Miljøretta helsevern Voss deltok også. Hovudtema var: Korleis arbeider små miljøretta helseverneiningar i forhold til større einingar? og Kan ein «fire på krava» ved søknad om mellombelse godkjenningar av skular og barnehagar?
- Miljøretta helsevernkonferanse i Alta.
- Konferanse fysisk aktivitet og kognitiv læring.
- Fagdag med Fylkesmannen om miljøretta helsevern.
- Studert på Universitetet i Sørøst-Norge og tatt 10 studiepoeng innan støy og luftforurensing.
- 4 dagers kurs i Telemark; inneklime, ventilasjon, støy, radioaktivitet og radon.
- Kurs i etterklangtidsmåling hjå Stamina.

### Økonomi:

Total kostnad for miljøretta helsevernstillinga var i 2018 kroner 762 922. Fordeling mellom kommunane er 30 % etter folketal og 70 % etter tal tilsynsobjekt. Tal for 2017 finn de i tabellen under:

	30 %	70 %	Kostnad per kommune:
	Folketall	Verksemder	
Aurland	kr 14 144	kr 73 945	kr 88 089
Balestrand	kr 10 039	kr 44 815	kr 54 854
Leikanger	kr 18 655	kr 35 105	kr 53 760
Luster	kr 41 550	kr 127 723	kr 169 272
Lærdal	kr 17 127	kr 45 562	kr 62 689
Sogndal	kr 64 110	kr 101 581	kr 165 691
Vik	kr 21 272	kr 45 562	kr 66 834
Årdal	kr 41 979	kr 59 753	kr 101 732
Totalt	kr 228 877	kr 534 045	kr 762 922

Vi vil til slutt takke alle vi har vore i kontakt med i 2018 i samband med miljøretta helsevernarbeidet. Vi set pris på det gode samarbeidet, på interessante diskusjonar og på at det arbeidast for eit helsefremjande miljø både i eksisterande verksemder, i planlegging og bygging av nye verksemder, i reguleringsplanar med meir i kommunane i Indre Sogn.

Med helsing

Jan Ove Tryti  
kommuneoverlege

Elin Åsnes Øvretun  
miljøhygienikar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Sendt til:

Rådmenn i alle kommunane

Ansvarleg for miljøretta helsevern i kvar kommune; Trygve Ness, Henrik Høberg, Leiv Erik Husabø, Helge Johan Bjordal, Frode Myklebust, Knut Cotta Schönberg  
Prosjektrådmann